

Om kulturskolen og tilboda

Seljord kulturskule er open for alle born og unge i Seljord kommune. Øvre aldersgrense for opptak er 18 år, men ein vil også tilby grupper for vaksne på gitar og piano. Vi har undervisning på skulane i Åmotsdal og Flatdal i tillegg til Granvin kulturhus. Kulturskolen følgjer skuleruta for grunnskolen i Seljord i 37 veker. Undervisninga kan organiserast enkeltvis eller i grupper, med 22,5 min. for individuell undervisning og 45 min. for grupper. Timane vert for det meste lagt til ettermiddag og kveld.

Undervisningstilbod individuelt

🎵 Piano 🎵 Gitar 🎵 Bassgitar 🎵 Kyrkjeorgel
🎵 Song 🎵 Kveding 🎵 Fiolin 🎵 Hardingfele
🎵 Bratsj 🎵 Cello 🎵 Fløyte 🎵 Kornett 🎵 Klarinett
🎵 Trompet 🎵 Horn 🎵 Baryton 🎵 Tuba 🎵 Trombone
🎵 Trekkspel 🎵 Slagverk 🎵 Saksofon 🎵 Piano besifring

Samspel og gruppetilbod

🎵 Barnekor 🎵 Band 🎵 Korps 🎵 Teatergruppe
🎵 Musikkproduksjon med data 🎵 Piano/besifring for vaksne*
🎵 Gitar for vaksne* 🎵 Juniorspelemannslag/aspirantlag
🎵 Dansegruppe musikal/street 🎵 Gruppe i teikning/måling

** tilbod til vaksne er til sjølvkost, ca. 110,-/gong ved 4 på gruppa*

Meir om tilboda:

Piano: Her er det fordel å ha piano heime. Keyboard går også greitt, men helst med vekta tangentar.

Besifring piano: For litt eldre elevar som vil spele "fritt" etter akkordar. Fordel å kunne litt notar i G -nøkkel frå før.

Strykeinstrument: Undervisning på hardingfele, fiolin og bratsj, grunnopplæring i cello. Fiolin og hardingfele kan leigast hjå kulturskolen. Hardingfele-elevar kan bli med på samspel i junior/aspirantlaget.

Song: Opplæring i stemmebruk og songteknikk i ulike sjangrar.

Kveding: Vi legg undervisninga til Seljord dersom fleire elevar.

Blåseinstrument: Instrumenta kan leigast eller lånast frå korpset.

Gitar/bass: Her må eleven disponere instrument sjølv.

Slagverk: Opplæringa er for det meste på trommesett/skarpdrumme, men også andre rytmeinstrument som congas, bongos m.m.

Kyrkjeorgel: Flatdal kyrkje har eit nytt, flott orgel!

Trekkspel: Knappespel (norsk system). Bør disponere instrument sjølv.

Barnekor: Ein fin stad å starte dersom ein vil spele eit instrument seinare. Avhengig av at mange nok søker. 1. – 6. klasse.

Band: Her må ein ha spelt ei stund for å bli vurdert til opptak.

Juniorspelemannslag/aspirantlag: Samspeltilbod for deg som vil spele hardingfele. Knytta til Seljord Spelemannslag.

Teatergruppe: For elevar i ungdomsskolen eller over. Undervisninga er knytta opp mot framsyning, og kan konsentrerast i bolkar.

Korps: Ein kan ha individuell time i kulturskolen og samtidig delta i eit av korpsa. Kryssar du av i "korps"-ruta, vil di interesse bli sendt vidare til korpset i Flatdal eller Seljord.

Musikkproduksjon med data: (frå u.sk.) Her kan du lage musikk og lydkomposisjonar med utgangspunkt i dataverda og eigen kreativitet.

Dansegruppe: Dersom nok påmelde, vil ein setja i gang grupper i street/show/musikal-dans med lærar frå Seljord FHS. Undervisninga kan bli konsentrert i bolkar. 2-3 aldersgrupper frå 10–19 år.

Formingsgruppe: Med vekt på teikning/måling. Samarbeid med Seljord Kunstforeining. Blir sett i gang viss nok interesse. Frå 10 år.

Økonomi:

Skulepengar er sett til 2090,- for skuleåret for individuell opplæring, 1045,- for gruppetilbod. Gruppetilbod til vaksne er til sjølvkost. Rekninga er delt i haust og vår. Det vert gjeve 50% moderasjon for søsken og utvida tilbod i individuell opplæring.

NB! Søknaden er bindande for eitt skuleår (2 semester)!

Meir info får du gjennom kulturskolen. Kontortid mån-ons 09.30-14.00.

Telefon: 35065123 Epost: tore.sognefest@seljord.kommune.no

Ein tek atterhald om tilstrekkelege lærarressursar. Ved inntak tek ein omsyn til alder, ansiennitet og venteliste i kulturskolen. Bortsett frå i gruppetilboda har vi desentralisert undervisning.

Fyll ut søknadsskjema på neste side, eller send inn elektronisk søknad gjennom www.kulturskolen.no

Nytt:

Nytt:

SØKNADSSKJEMA for elevar på nye tilbod 2010-2011
(eventuell plass er bindande for eitt skuleår)

Etternamn: _____ Fornamn: _____

Adresse: _____ Gut Jente

Fødd: _____ Skule: _____ Klasse: _____

Mobil/SMS søkjar: _____ Epost: _____

Søkjer individuelt/tilbod 1: _____

eller og tilbod 2: _____

Søkjer gruppe: (set x) Barnekor Band Korps

Musikk/data Teatergruppe Junior/asp. hardingfele

Dansegruppe (frå 10 år) Formingsgruppe (frå 10 år)

Gruppe for vaksne: Gitar Piano

Tidlegare elev i kulturskolen? ja → Instrument _____ Tal år _____

Vil leige fele/fiolin Namn på sysken i kulturskolen: _____

Føreset 1: Etternamn _____ Fornamn: _____

Føreset 2: Etternamn _____ Fornamn: _____

Adresse: _____ Postnr. _____

E-post for informasjon: _____

Telefon: Heim _____ Mobil: _____ Arbeid: _____

Stad: _____ Dato: _____

Underskrift føreset: _____

SELJORD KULTURSKULE



Søknadsskjema og informasjon

Skuleåret 2010 / 2011

Søknadsfrist: **1. mai 2010**

Du kan også søkje via elektronisk søknadsskjema på www.kulturskolen.no eller via Seljord kommune si heimeside www.seljord.kommune.no

Seljord kulturskule, 3840 Seljord
Tlf. 35065123

E-post: tore.sognefest@seljord.kommune.no